

1 Anna Nesje

Vi i NTB ønsker å få komme på seminarer hos dere og treffe kolleger og vil mer enn gjerne være med på å lage en felles strategi for alle medier. Vi blir jo mer og mer i slekt. NRK er ikke lenger et sted hvor man bare snakker, for eksempel, og NTB er ikke lenger et sted hvor vi bare skriver. Vi driver også med radio nå – til mange journalisters fortvilelse. Vi går mer og mer over i hverandres fag, så jeg er glad for det mange har sagt før i dag også – at det nye språkrådet skal bli utadvendt og komme oss i møte, for det trenger vi.

Jeg har startet noe som kalles språklunsj hos oss en gang i måneden eller hver annen måned. Da blir kolleger invitert til å komme og spise rundstykker og høre på en eller annen som snakker om et språklig tema. Disse språklunsjene er populære og viser at folk er ivrige etter kunnskap. Vi er innstilt på å lære, og vi vil gjerne skrive godt – og blir fortvilt når vi ikke gjør det. Vi når ut til veldig mange lesere, seere og lyttere fordi stoffet vårt blir brukt av alle kundene våre, og i tillegg er det mange som henvender seg til oss – både kunder med sine redaksjoner og privatfolk. De ringer og spør: ”Hvordan skriver dere det eller det ordet?”, ”Nå er det kommet et nytt ord; hvordan vil dere skrive det? Vi tar ikke noen avgjørelse før dere har gjort det.” Det er selvsagt en fantastisk posisjon å ha, men i den situasjonen trenger vi trenger hjelp fra fagfolk. Vi håper at det nye språkrådet kan hjelpe oss med den biten

2 Oddrun Grønvik

Tor Fuglevik hadde eit veldig bra og informativt innlegg, og det var hyggeleg at han på ein måte fanga opp nokre av dei tinga som eg snakka om til å begynne med – nemleg kva slags forankring det nye organet skal ha. Eg ville rekne det som ein katastrofe om vi enda med eit organ som ikkje har lovpålagde oppgåver, og som dermed kan styrast av Finansdepartementet. Dette har vore lite framme. Departementet held korta tett opptil brystet, men det sleppte frå seg at det slett ikkje er sikkert at det blir noka ny lov når lova om Norsk språkråd blir oppheva.

Slik eg ser det, så er det oppgåvene, mandatet, som visseleg tel. Om dei blir utøvde av ein institusjon som heiter det eine eller det andre, kan for så vidt vere det same, men oppgåvene må vere ei konkretisering av målet om at norsk skal vere bruksspråk i Noreg i tida framover og gjerne utover 2100, og at mandatet da omfattar og blir utøvd på ei rekkje område som for så vidt den noverande lova omfattar.

Og så vil eg gi eit råd om noko som også Tor Fuglevik nemnde, som gjeld dette med internasjonal lovgiving og internasjonale konvensjonar. EU er tett innpå oss, FN er tett innpå oss, og dette har også kome til å berøre spørsmålet om språklege rettar. I EU er det vedteke ein konvensjon om minoritetsspråksrettar, som Frankrike for eksempel nektar å skrive under på fordi dei ikkje vil gi minoritetsspråka status utover som kulturspråk. I Storbritannia har walisarane kunna utnytte desse konvensjonane og har så å seie gjeninnført walisisk som bruksspråk i Wales. Der er det skjedd store ting i løpet av ein tjuetårsperiode. Det tok for så vidt til med sekstitalsaktivisme, det også. Eg trur ikkje at det vil nytte å få ei språklovgiving for Noreg som ikkje tek omsyn til desse konvensjonane og avtalane, og som vi de facto aksepterer sjølv om vi ikkje er medlem av EU. Det at FN står så sterkt i det norske medvitte, gjer at vi også må sjå på det som finst av internasjonale avtalar og konvensjonar der. Og vi har oppfatta at det finst motvilje i det norske byråkratiet mot å la Språkrådet ta i dette.

Det står i høyringsdokumentet at ein egentlig ikkje ser nokon grunn til å la minoritetsspråk bli med i det nye språkrådet. Eg synest det bør stå i mange høyringsfråsegner at dette er ein ueinig i. Sjølv sagt kan ikkje vi ta på oss å normere ein tyrkisk dialekt i Noreg, men vi må ta omsyn til at det finst folk som skal inn i det norske samfunnet frå tyrkisk.

Ein ting til: Eg fremja i si tid for Språkrådet tanken om å få ei ny Vogtkomiteé-utgreiing. Det fekk vi ikkje, men no har vi altså fått denne høyringsrunden. Eg rår alle til å få tak i og lese innstillinga frå Vogtkomiteen. Det er ei ypparleg smørbrøddliste over dei områda som må dekkjast. Bruk denne innstillinga som inspirasjon for dei høyringsmerknadene som no skal skrivast!

3 Gulbrand Alhaug

Ein norsk språkbank har vore nemnd her, og det blir ein viktig ressurs i framtida. Men eg vil minne om at vi på sett og vis alt har ein norsk språkbank. Når vi skal undersøkje kva som blir brukt i norsk i dag, er det nyttig å gå inn på Google og undersøkje spesielle former. Ut frå treffa der, kan ein seie litt om normering. Det eg konkret tenkjer på, er dei vanskelegaste reglane i norsk ortografi, dei såkalla forenklingsreglane. Vi kan gå inn på Google og finne ut at det for eksempel er mange som skriv *fylt* med to l-ar. Dei skriv *stygt* med to g-ar, og eigentleg er *det* det naturlege fordi ordet *stygg* skal skrivast med to g-ar. *Aktuell* blir skriva med to l-ar. Da er det naturleg å gjere som svenskane: å skriva *aktuelt* med to l-ar.

Det er sagt av danske språkforskarar at vi har dei stavefeila vi fortener. Spørsmålet er da om det er nokon vits i å bruke så mykje tid på å drille inn forenklingsregelen, som er så vanskeleg at han kan fylle ti–tolv sider i ei lærebok. No ser vi ofte feil her, særleg blant dei yngre brukarane. Vi kan gå inn på Google og sjå. Viss vi da finn ut at den regelen blir broten så mykje av dei yngre, kan den tanken komme at vi kanskje bør forandre på regelen. Det er jo merkeleg at det ikkje er noka forenkling i *gjennomsnittleg*, for eksempel, men derimot i *trolsk*, enda det ikkje skal vere *troll* med *ein* l. Ein kunne gjere skoleungar ei stor teneste med å gjere regelen enkel, nærmast som i svensk, islandsk og tysk, men vi har dessverre arva han frå dansk rettskriving der han har mykje mindre verkeområde. Eg synest vi burde forske på kva vi finn av feil i norsk på Google.

4 Åge Rognsaa

Norsk språk har vært berørt fra mange interessante vinkler i dag. De som har snakket om norsk språk, har – ved siden av Språkrådet – representert skoleverket, forskning og høyere utdanning, fagterminologiske miljøer, næringsliv, arbeidsliv, norsk ikt-miljø og medie- og reklamebransjen. Men det er ett felt som jeg savner. Når vi snakker om språklig og kulturell hegemoni, er det merkelig at ikke noen har nevnt det kanskje aller viktigste maktspråket i Norge, nemlig det offentlige språket. Det språket brukes av hundretusenvise saksbehandlere, jurister, ingeniører, samfunnsvitere, politikere.

Jeg har vært norsklærer i mange år i videregående skole. De siste 30 årene har jeg hvert år holdt rundt 30 språkkurs for saksbehandlere, først og fremst i det offentlige. Jeg kan vel si at jeg lever litt i Vinje- og Dag Gundersen-tradisjonen ... På nesten hvert eneste kurs får jeg spørsmål om hvordan de skal skrive et offentlig brev, hvordan de skal skrive en rapport, hvordan de skal skrive et notat. Det har de aldri lært på skolen; der lærer de lite om å skrive notater og slikt. Og det fins ingen som meg bekjent har noe formelt ansvar for dette i Norge.

Jeg vet at Språkrådet gir ut Statsspråk, som er et fint, lite skrift, men når jeg nevner Statsspråk når jeg holder kurs, så sier de at ”jo, det har jeg visst sett ett eller annet sted”. Så vidt jeg vet, er det Administrasjonsdepartementet som er den institusjonen som formelt har ansvaret for dette i Norge. For noen år siden tok dette departementet et initiativ i forbindelse med prosjektet ”Et enklere Norge” til å sette det offentlige språket på dagsordenen. Det ble visst bare en liten ”happening”, så skjedde det ikke noe mer.

Mitt ønske er at et fremtidig kompetanseorgan for norsk språk blir nødt til i mye større grad å få samlet kompetanse om og få ansvar for det offentlige språket, som er maktspråket fremfor noe.

5 Arne Torp

Jeg har lyst til å nevne noe som ikke har vært så mye i fokus her, nemlig det skandinaviske. Neste år, som jeg i skandinavisk ånd vil kalle 2005 (tjue-null-fem – som svenskene sier), skal vi altså feire oppløsningen av den unionen vi gikk ut av i 1905 (nitten-null-fem – ikke ett tusen ni hundre og fem!). Etter mitt syn kunne dette ”unionsjubileet” like gjerne markeres som ei sørgehøgtid.

Det som har kommet ut av våre unioner, er i alle fall at vi har kommet i en enestående posisjon i Norge, som et slags språklig bindeledd i Skandinavia. Det er nemlig ikke lenge før nordmennene må fungere som tolker mellom svensker og dansker når de skal snakke sammen, for det knirker alvorlig i det skandinaviske språkfellesskapet, og da først og fremst mellom naboene våre i sør og øst.

Det er ett domenetap som det ikke har vært fokusert på her i dag, nemlig det at de skandinaviske språka kan bli fortrent av engelsk i nabospråkskommunikasjon. Dette er noe vi må kjempe mot. Det er av stor verdi at vi skandinaver utgjør et språkfellesskap ikke bare på fire-fem millioner, men på *20 millioner* – så stort er nemlig det skandinaviske språkfellesskapet. Jeg har ikke noen revolusjonerende ideer om hvordan dette best kan ivaretas, men jeg synes at det nye språkorganet ikke skal glemme den skandinaviske dimensjonen. Det er viktig å ta vare på det nordiske samarbeidet.

Jeg har også et helt konkret innspill til de skandinaviske kringkastingsselskapa når det gjelder behandlinga av innslag på andre skandinaviske språk, og siden vi er i Norge, spesielt til NRK. Jeg irriterer meg over at hver eneste gang det er et intervju med en eller annen svenske, så skal det tekstes hver gang svensken har ordet, mens intervjueren ikke tekstes. Det mest patetiske jeg har sett av den slags asymmetrisk teksting, var en gang Johan Galtung ble intervjuet – det var riktignok på svensk TV. Han ”pratade svenska på det här sättet så svenskarne kunne höra at han inte var svensk”, og dermed så teksta de han!

Og jeg tenkte den gangen at det bare var fordi svenskene er så dumme, for de forstår jo nesten ingenting. Men så opplevde jeg ganske nylig at en dansk tilsatt på ei norsk industribedrift nede i Østfold prata norsk på NRK TV, men med tydelige innslag av dansk uttale, og så tenkte vel NRK-folka at han snakka dansk, og så teksta de det han sa.

Jeg synes den slags teksting rett og slett er en fornærmelse både mot den som snakker, og mot dem som ser på. Hvis jeg hadde vært diktator, ville jeg ha forbydd all ”asymmetrisk” teksting av svensk tale i intervjuer på norsk fjernsyn – skal det tekstes, så får man i anstendighetens navn tekste begge parter i en skandinavisk nabospråkssamtale. Dansk tale kan man jo eventuelt tekste på dansk – mange norske vil neppe merke forskjellen!

6 Nikolai Nelvik

Det er eg som har ansvaret for at det blir teksta, jamvel om eg ikkje har hatt ansvaret for akkurat dei innslaga Arne Torp nemnde. No er det nok slik at med tid og stunder så blir vel tekstinga valfrie. Det kjem til å bli teksta likevel, for vi har tre kvart million hørselshemma her i landet som har like stor rett til å følgje med på fjernsynsprogram som dei som ikkje har lært seg språk. Dei har i alle fall ikkje noko anna etermedium å følgje med på. Radioen er ikkje til mykje hjelp.

Eg vil gjerne seie at det som er viktig for det nye organet, er å komme meir på banen, gjere meir av det som Sylfest Lomheim gjorde på Dagsrevyen i går da han forklara kvifor vi

skal fornorske ord, og fekk folk til å forstå at det i alle fall ligg ein tanke bak det. Men tilbake til tekstinga igjen: Vi har for så vidt våre språkreglar, og så er det opp til oss å gjere tekstinga slik som det skal gjerast. Vi sender ut 122 boksider kvar einaste dag med skriftleg norsk – noko av det er skjult på side 777 i tekst-tv, men mykje er ope og står og lyser, og ein les det anten ein treng det eller ikkje.

Etter mitt syn er det viktig med godt språk i tekstinga. No har ikkje eg lese ”Mål i mun” frå perm til perm, men eg veit i alle fall kva min svenske kollega har sagt om det som står der om språket i etermedium. Det står også noko der om skriftspråk i andre kanalar enn Sveriges Television. Det synest eg det er viktig å sjå på, ettersom det er veldig mykje teksting og dubbing, altså versjonering, av barneprogram på dei andre kanalane også. Men eg er ikkje så sikker på om dei andre norske fjernsynskanalane tek språket like alvorleg som NRK gjer. Etter mi mening bør ei norsk utgreiing som svarer til den svenske og den danske rapporten, også innehalde eitt eller anna om å kontrollere språket også i andre medium enn NRK.

7 John Ole Askedal

Jeg skal bare komme med et par kommentarer til arbeidsoppgavene til det nye språkorganet. Og jeg vil tillate meg å begynne litt polemisk. Sandøy vil forstå at det jeg sier, har adresse til ham.

Jeg synes ikke at det er naturlig for et nytt språkorgan å være antihegemonialt, i hvert fall ikke i hans forstand. Vi har en språktradisjon som rett og slett fungerer godt for praktiske formål, som er akseptert av et overveldende antall av befolkningen, og som fremstår som et forholdsvis uproblematisk felles kommunikasjonsspråk for et flertall her i landet, og som faktisk er akseptert også utover dette flertallet. Da tenker jeg selvfølgelig på den tradisjon som vi nå finner i skjæringspunktet mellom moderat bokmål og riksmål. Jeg synes man heller skal verne om den tradisjonen nettopp fordi den har vist seg så levedyktig.

Når det gjelder alle de arbeidsoppgaver som har vært nevnt som mulige for det nye språkorganet, så er antallet etter hvert blitt betydelig. Man skal drive terminologiarbeid, og det er helt klart et høyst påkrevd område. I tillegg til det skal man initiere og koordinere forskning. Man skal stå vakt ved målloven og sidemålsstilen. Man skal ha mediekontakt og profilere seg overfor mediene. Man skal drive utadvendt rådgivningsvirksomhet og informasjonsvirksomhet. Man skal bidra til holdningsdannelse. Man skal ta seg av alle språk i Norge, samisk, finsk og minoriteter som innvandrerspråkene, og man skal der passe på både integreringsaspektet og morsmålsaspektet. Jeg synes dette er meget omfattende. Det vil bli dyrt, og man vil også få problemer, tror jeg, med å avgjøre hva som her er naturlig lovpålagte oppgaver, hvis man skulle ønske det.

Så en bemerkning om normering. Jeg er litt forbauset over at det nærmest forutsettes som selvsagt at man ikke skal drive med normeringsvirksomhet. Og jeg er forbauset av én spesiell grunn: Det er klart at bokmålstradisjonens normeringsproblemer etter hvert er blitt mindre betydelige nettopp fordi vi har et fellesspråk som faktisk er mer eller mindre allment akseptert. Men i dag har vi hørt en god del foredrag om nynorskens målproblemer, og jeg vil vel anta at det ikke er allmenn aksept om prosessen videre med normeringen av nynorsken, slik at den kan komme ut av det uføret som er beskrevet her i dag.

8 Jon Peder Vestad

Eg er språkkonsulent i NRK og høgskulelektor i mediespråk på Høgskulen i Volda. Eg underviser blant anna studentar som skal bli informasjonsarbeidarar. Dei skal ha eksamen i neste veke, og nesten alt på pensumlista er på engelsk. For det fyrste ser eg det som eit mislykka eksempel på såkalla internasjonalisering. Det finst faglitteratur tilgjengeleg på

norsk, men han blir altså ikkje brukt fordi han er på norsk. For det andre så tek vi frå desse studentane sjansen til å utvikle eit godt norsk fagspråk. Eg veit om folk på min eigen arbeidsplass (HVO) som ikkje greier å forklare på norsk kva dei driv på med, og kva dei forskar på, fordi dei gjer det på engelsk. Og eg synest det er heilt sjukt at norske skattebetalarar skal drive og finansiere utvikling av engelskspråkleg terminologi. Dette seier eg sjølv sagt for å provosere, men eg trur det er nødvendig å tenkje litt på slike ting òg. Kanskje det nye språkrådet skal vere med og krevje at dersom ein skriv ei avhandling på engelsk, så må ein ha eit samandrag på minst 10 % av sidetalet på norsk. Og at sentrale termar skal vere omsette.

Det nye språkorganet må vidare definere områda for språkpolitikk på nytt, og eg trur dei må utvidast kraftig. Det gjeld undervisnings- og forskarspråk, forhold til økonomi og juss, og andre ting. Eg trur òg at det er nødvendig å slå fast at arbeidsfeltet på sett og vis bør vere språkbruk i Noreg og ikkje berre norsk språk. Det er *ein* språkleg fellesskap, men det mange måtar å bruke språket på innanfor denne fellesskapen.

Eg trur heller ikkje at det er naturleg med meir privatisering av språknormer. Eit språk er ikkje ei vare, det er ein verdi. Den verdien er fellesgods, og da må vi sørgje for at det er organ som representerer flest mogleg, som står for normeringa.

Eg trur heller ikkje på at vi skal ha *mindre* språkpolitikk i Noreg. Vi skal ha *meir*. Og vi skal ikkje ha eit språkorgan som berre driv med språkpolitikk, men kanskje det nye språkorganet òg i større grad skal vere ein språkadvokat.

9 Per Egil Hegge

Jeg vil gjerne på vegne av hørselshemmede medlemmer i familien få ta sterkt avstand fra det som Arne Torp sa. Teksting er en god ting.

Anna Nesje fra NTB snakket om behovet for en mediestrategi, det vil si arbeidet for å lære journalister å skrive. Det bør Norsk språkråd i den nye formen beskjefte seg ganske mye med, av den grunn at det er noe som journalister ikke lærer under journalistutdannelsen. Det er meget beklagelig, men det gjør de faktisk ikke. Journalistlærere blir sure når jeg sier det, men vi får de journalistene som kommer ut av pølsemaskinen. De har ikke lært å skrive norsk, og de har ikke lært betydningen av at man kan skrive norsk. Og det er to veldig tøffe ”strikes again”, som det heter på nynorsk. Der er man altså nødt til å ta fatt, og jeg tror at de bransjene som Anna Nesje nevnte, er et godt sted å begynne.

Det er kolossal interesse for språk. Jeg har aldri fått så mange reaksjoner som da jeg en artikkel om sportsjournalistenes språk. Og noen ganger tar man litt hardt i. Det var en flom av tilsluttende kommentarer. Det kom to protester, de var begge fra sportsjournalistenes forbund. Min mening er at det å bedre språkopplæringen innenfor medieutdannelsen faktisk er et viktig sted å begynne.

10 Bjørg Gaathaug

Departementet har vært ganske tydelig på at det per i dag har lite å melde. Det har gjort meg engstelig, men ikke nå lenger, hvis de lytter til mine gode råd. Dette seminaret og den seminarrapporten som kommer ut av dette, må være en deilig arbeidsplan å forholde seg til i det videre arbeidet, hvis man ønsker det.

Å styre språkutvikling, røkte språk og drive språkpolitikk er vanskelig. Men vanskene må jo ikke fortone seg så uovervinnelige etter hvert at man velger en pragmatisk løsning og får et slags lett språkorgan.

Jeg har to hovedutfordringer til dere. For meg lyder det meningsløst at ikke minoritetsspråkene skal få plass blant det framtidige organets arbeidsoppgaver. Hvem skal

ellers ta seg av det? Det er den ene utfordringen. Den andre utfordringen er at hvis dere ikke får til et bredt samarbeid med Utdannings- og forskningsdepartementet når det gjelder å drive språkpolitikk, ja, da kan dere bare glemme det.

Jeg ønsker meg et utadventt organ som har kjennskap til og kunnskap om brukergrupper, målgrupper. Jeg tror jeg er den første som bruker de to ordene her i dag, og jeg vil gjerne at dere tar dem med videre. Dette feltet er vanskelig, og det kan synes som om det blåser nordavind fra alle kanter, akkurat som hos Ludvik i Flåklypa. Jeg vil ikke ha et Ludvik-engstelig nytt språkorgan, og jeg har den beste tro på at dere ikke kommer til å ende der.

Hvis dere tar med dere veldig mye av det som har kommet fram i dag, og i tillegg det beste som kommer ut av en bred høringsrunde, for der må vi kjenne tida vår, alle vi som kan bruke høringsrunden og tenke framover.

11 Johan Myking

Til hausten skal eg vera medansvarleg for å arrangera ein nasjonal strategikonferanse om terminologi, som Språkrådet då har ansvaret for. Difor er eg svært glad for at omsynet til norsk fagspråk og terminologi er så sterkt framheva i dokumentasjonen før dette møtet, både i høyringsmaterialet og i veldig mange innlegg på seminaret i dag. Eg trur terminologi og opprusting av norsk fagspråk har i seg alle dei viktige elementa som det nye organet skal arbeida med, både på eit politisk nivå, strategisk og på eit reint språkleg nivå. Då ønskjer eg meg eit organ som er i stand til å vera sentrum i eit nettverk av forpliktande samarbeidsgrupper, og som erkjenner at ein ikkje kan gjera alt nødvendig arbeid sjølv, men heile tida må vera ein garantist for at dette arbeidet ikkje kan salderast på eit halvt års varsel, når budsjettet i private organisasjonar skal kuttast ned.

Eg vil slutta meg til det Nina Zandjani sa om standardisering på den sektoren. Det er eit godt eksempel, men også det som har kome fram om terminologiarbeid i utdanningssektoren, viser at det her er mogleg å laga noko nytt. Og byggja på det som er gjort og verdt å ta vare på.

12 Jan Svennevig

Det er mye såkalt godt språk som er dårlig kommunikasjon, og det er mye såkalt dårlig språk som er veldig god kommunikasjon.

Mitt ønske for et nytt kompetanseorgan er at det blir et organ som framfor å være politi som passer på det gode språket, kan bli et ressurscenter for å få til god kommunikasjon. For eksempel bør man bruke mindre ressurser på å tvinge folk som ikke vil skrive nynorsk, til å gjøre det, og heller passe på at de som har lyst til å skrive nynorsk, får lov til å gjøre det, for eksempel i Aftenposten. På BI, hvor jeg er ansatt nå, er mastergradsundervisningen i prinsippet på engelsk. Nordmenn står og underviser nordmenn på engelsk. Slikt bør også et kompetanseorgan blande seg opp i og gi folk muligheten til å bruke det språket de ønsker.

Språk er også viktig som kommunikasjonsmiddel i en god, demokratisk samtaledebatt, og der bør kompetanseorganet hjelpe folk og grupper til å komme til orde i den offentlige debatten. Det fins grupper som ikke er veldig sterke. I dag har vi kommunikasjonsbyråer som hjelper de gruppene som allerede er sterke, til å bli enda sterkere og til å komme til orde og få sine interesser godt framhevet. Det fins også andre grupper, for eksempel innvandrere, som ut fra rent språklige grunner har vanskelig for å komme til orde, og som ikke blir hørt i debatter. Et kompetanseorgan bør absolutt ta opp i seg denne utviklingen og være et kompetansesenter også for dem.

13 Olav Væhle Hauge

Noko som eg synest har vore positivt i dag, det er dei som har lyfta visjonane for det nye språkorganet ved å sjå på dei strategiske forholda der norsk kjempar mot engelsk, som eit veldig viktig punkt. Og spesielt då til Tor Fuglevik: Det er svært interessant å få dei norske monopolbedriftene sette litt i perspektiv. Men – dette med dei store strategiske vyane må lovfestast. Eg er litt redd for den noko lause strategien som ein førebels ser ut til å ha, og eg skulle ønskje at det vart utarbeidd ein del overordna strategiar, så vi rett og slett fekk inn eit regelverk eller lovverk om at dette skal det nye språkorganet ha ansvar for og myndigheit til.

Eg er litt uroleg for neddempinga av spørsmålet om normering. Eg er litt bekymra for nynorsken på det området, for eg føler at nynorsken ikkje har nådd den stabiliteten i rettskriving og normering som gjer at ein kan seie at det er et tilbaketog stadium.

Eit siste punkt: Kven skal vere representert, og kven skal få ei stemme med i dette nye organet? Der er nok eg litt svak for å få med ekspertise. Det må vere eit sterkt fagleg organ. Det samfunnsmessige perspektivet må inn. Men eg ønskjer òg at det framleis skal vere eit innslag av demokratisk påverknad, det vil seie at folk frå ulike organisasjonar på ein eller annan måte skal ha ei stemme med i det som skjer.

14 Kari Bjørke

Nynorsk kultursentrum skal absolutt ta fatt i høyringsnotatet frå Kulturdepartementet. Førebels har vi ikkje fått drøfta det så mykje, så det eg seier her og no, får først og fremst stå for mine egne vurderingar.

Av to grunnar er det heilt avgjerande å få ei lovfesting. For det første for å få tyngd og makt bak arbeidet. Og for det andre: Det vil vere med og hindre altfor store øksehogg i den budsjettkampen som er i dag, og som berre blir verre og verre når det gjeld å løyve pengar til statlege organ.

Punkt nummer to: strategidokumentet for organet. Organet må bli meir utoverretta enn Språkrådet har hatt kapasitet til å vere til no. Det må vere sektorovergripande, det er mange andre enn Kultur- og kyrkjedepartementet som bestemmer over norsk språkpolitikk. Vi har organ som arbeider med terminologi, og det er eit viktig område for norske språkbrukarar. Det nye organet får ei kjempeutfordring med å finne ut kva oppgåver som skal prioriterast. Eg trur det blir viktig at ein først og fremst arbeider for å få andre til å jobbe med språk. Det er ikkje sikkert det nye organet skal sitje og svare på alle hastespørsmål frå alle mediefolk. Kanskje dei heller skulle prøve å få journalistutdanninga til å drive meir med norskutdanning saman med andre instansar.

15 Kari Haave

I åtte år har eg representert Utdanningsforbundet, som har bortimot 140 000 medlemmer, og som i dag har utpeika tre medlemmer i Norsk språkråd.

Eg er bekymra for det som skjer med representasjonen vidare. Vi har medlemmer frå barnehage til høgskole, og eg blei veldig glad da Tor Fuglevik nemnde barnehagen. Barnehagane skal no kanskje overførast til Utdannings- og forskingsdepartementet og bli sedde i samanheng med resten av skolesystemet. Den tidlege språkutviklinga bør komme inn i synsfeltet for eit nytt språkorgan, det synest nok medlemmene våre vil vere veldig viktig.

Det skjer mykje bra i den vidaregåande skolen, og dei som underviser på andre nivå, har gjort tilsvarande erfaringar. Det er mykje kjærleik til norsk språk blant elevane i den vidaregåande skolen, ikkje berre til engelsk.

Stortingsmeldinga på grunnlag av arbeidet i kvalitetsutvalet kjem rett etter at kulturmeldinga er behandla. Kvalitetsmeldinga skal behandlast før sommaren, det skal lagast

nye læreplanar neste år, det skal skrivast lærebøker i 2005, det kjem nye læreplanar i 2006. Det er berre tida og vegen. Vi bør da vite kva slags nye perspektiv eit nytt språkorgan vil ha med tanke på desse læreplanane.

Vi burde ha ein plan for dei som skal overta i interimsstyret no. Kva *må* vere med? Hugs at det skal vere små læreplanar. Dei minoritetsspråklege er dårleg behandla også i innstillinga frå kvalitetsutvalet.

Og eg er helt einig i at vi må krevje å få ei lov for det nye organet. Det har dei i Finland, sjølv om tospråkssituasjonen der er annleis enn hos oss. Og der er elevane i skolen gode til å lese og skrive.